

Protokoll
Styremøte nr. 10/2016
Norges Friidrettsforbund

9. desember kl. 14.00
På UBC Ullevål stadion, Viking Losjen

Tilstades: Tore Hordnes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Monica Grefstad Frøynes, Atle Guttormsen, Anne Farseth, Stine Haugum (via Skype), Ellen Strøm Juliussen (via Skype i sak 86,87,88,89)

Forfall: Svein Arne Hansen, Ellen Strøm Juliussen (sak 83,84,85)

Referent: Narve Heggheim

Frå sentraladministrasjonen: Narve Heggheim, Berit Nøbben (sak 84,85),
Ole Petter Sandvig (sak 86), Tonje L Svenneby (sak 85).

Saksliste for styremøte 10-2016:

- Sak 83/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 11.11.2016
- Sak 84/2016 Regnskapsrapport pr 30.11.2016
- Sak 85/2016 Budsjett 2017
- Sak 86/2016 Saker til friidrettstinget 2017
- Sak 87/2016 Forberedelsar til friidrettstinget 2017- status
- Sak 88/2016 Prosedyre for søknad om midlar til utøvarar
- Sak 89/2016 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene

Sak 83/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 11.11.2016

Vedtak: Sakliste og referat vart godkjendt.

Sak 84/2016 Regnskapsrapport pr 30.11.2016

Regnskapsrapport med prognose pr.30. november vart lagt fram. Prognose indikerer negativt årsresultat på kr 2 189 380 mot budsjettert underskudd på 2.000.000,-.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.

Sak 85/2016 Budsjett 2017

Styret gjekk igjennom kvalitetssikring gjort av administrasjonen frå ukast i forrige styremøte. Det vart gjort mindre justeringar og undeskudd vart auka med kr 20.000,- som følgje av det.

Vedtak: Styret vedtok budsjett med eit negativt årsresultat på kr 769 962,-

Sak 86/2016 Saker til friidrettstinget 2017

Styret gjekk igjennom foreløpig innkomne tingforslag og drøfta desse.

Vedtak: Tingsak vedrørende endring av tittel på øverste politisk og administrativ leiar vert ikkje fremja på tinget. Øvrige saker vert teke med vidare til handsaming på neste styremøte når forslagsfrist er ute.

Sak 87/2016 Forberedelsar til friidrettstinget 2017- status

Styret og administrasjon gjennomgjekk status på forberedelsar fram mot tinget. Det er viktig at alle som skal bidra til tingberetning overheld fastsette fristar for at ein skal halde fristar med trykking og utsending av tingdokumenta.

Sak 88/2016 Prosedyre for søknad om midlar til utøvarar

Styret drøfta framtidig prosedyre ved søknad om midlar og uttak til ekstraordinære prosjekt.

Vedtak: Ved søknad om ekstramidlar skal prinsippa for søknaden føreleggast styret før søknad vert sendt dersom dette er på tvers av vedteken toppidrettsplan. Det er viktig at styret er orientert om ekstraordinære søknader og tildelingar som blir gjort.

Sak 89/2016 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene

Styremedlemmene rapporterte frå sine arbeidsfelt i styret.

Vedtak: Orienteringane vart tekne til etterretning.

Møtet slutt 18.20